



Notat

Dato: 06.11.2014
Arkivsak: 2014/12154-6
Saksbehandlar: fromann

Til:	Administrasjonsutvalet Hovudarbeidsmiljøutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Sjukefråvær Hordaland fylkeskommune 3. kvartal 2014

Samandrag

Sjukefråværet gjekk noko ned i tredje kvartal 2014 samanlikna med tilsvarande kvartal året før, frå 5,21 prosent til 4,97 prosent, ein reduksjon på 4,7 prosent. Det er særleg dei lange sjukefråværa (over 8 veker) som har gått ned sidan i fjor.


Reduksjonen har vore størst for stillingsgruppene miljøarbeidarar, rådgjevarar og tannpleiarar. For nokre grupper har fråværet auka. Trass i den generelle reduksjonen dette kvartalet er det lite truleg at ein når IA-målet om at sjukefråværet i HFK ikkje skal overstige 5,0 prosent.

Statistikkgrunnlaget

Statistikken er henta frå den nye versjonen av modulen HR Analyse i Personalportalen. Pga. ny statistikkversjon vil tala frå 2012-13 avvike noko frå tidlegare presenterte talseriar. Alt fråvær ved eigen sjukdom er rekna med, både eigenmelding og sjukmelding. Fråvær ved barns sjukdom er ikkje med i sjukefråværsstatistikken.

Sjukefråværsutviklinga over tid

Diagram 1 – Sjukefråvær i heile HFK, pr. kjønn og pr. kvartal, 3.kv. 2012 – 3.kv. 2014



Samla frávær i tredje kvartal 2014 var på 4,97 prosent, noko redusert sidan same kvartal i 2013 (5,21 prosent). Av diagram 1 ser vi at skilnaden mellom kvinner og menn er noko mindre enn tidlegare. Kvinner har i dette kvartalet om lag 60 prosent høgare frávær enn menn, medan skilnaden i 2. kvartal 2014 var på 72 prosent.

Nærare analyse viser at det er det lange fráværet, dvs. over 16 dagar, som har gått ned sidan tredje kvartal i 2013, frå 3,82 prosent til 3,22 prosent. Korttidsfráværet (1-16 dagar) har gått noko opp, frå 1,22 prosent til 1,76 prosent.

Sektorane i HFK

Fráværet er har gått ned både i fylkesadministrasjonen (frå 4,8 til 4,5 prosent) og Tannhelseavdelinga (frå 7,7 til 6,9 prosent). For vidaregåande opplæring er fráværet omtrent det same som i fjor, 4,9 prosent.

Stillingsgrupper

Diagram 2 – Sjukefrávær i HFK fordelt på stillingsgrupper, 3. kvartal 2013-2014




Diagram 2 viser at sjukefráværet har gått ned for nokre grupper, opp for andre. Miljøarbeidarar, rådgevarar og tannpleiarar har størst prosentvis reduksjon, medan driftspersonell, kontorpersonell og leiarar fylkesadministrasjon har størst auke. Generelt må ein vere varsam med å tolke for mykje inn i kvartalsvise variasjonar innafor stillingsgrupper. Den talmessig største gruppa er pedagogane. Der gjekk fráværet noko ned i tredje kvartal, frå 4,41 prosent til 4,12 prosent.

Målsetting for sjukefráværutviklinga

Sjukefráværet i fylkeskommunen har gått noko ned dei tre første kvartala i 2014 samanlikna med tilsvarende kvartal i 2013. Reduksjonen ser likevel ikkje ut til å vere stor nok til å nå IA-målet for fylkeskommunen på 5,0 prosent sjukefrávær (95 prosent nærvær) i 2014.